Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Torvastad

Emne: Ting til lægedom og vern mot sykdom.

Bygdelag: Karmsund

Oppskr. av: Knut Stange

Gard: Stange

(adresse): Norðleó på Karmøy

G.nr. 4 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

4. Ringar.

1. Det har vore brukt ringar heilt fram til vore dagar. Dei var brukt mot all slags sjukdom, men serleg mot gikt.

2. Dei var helst glatte, som ein gifte-ring, og for det meste av messing. Ofte var dei hole, med ein jarnring inni. Sofie Haaland, f. 1895 fortel at då ho var liti fekk ho ein giktring av farmor si. Det vaa ein temmelig tjukk messing-ring med ei firkanta plate på, ca 1cm², og på denne plata var det ein fullriggar.

3. Ringane fekk ein kjøpa av kram-karar som reiste rundt, og prisen var frå ei til tvo kronur.
Ei gamal gjente, Aasa Goreló som nyleg døydde 96 år gamal, hadde ein gikt-ring av messing som ho hadde fenge av ein finne.

4. Kramkarane som selde ringar,

9460

hadde med seg eit elektrisk apparat, som dei gjorde ringane elektriske med etterkvart som dei selde dei.

5. Ikkje det eg veit.

6-9. Kjenner ikkje til det.

10. Har berre høyrt gjete det.

11. Elektriske belter.

12 ~~13~~. Veit ikkje korleis dei såg ut.

13. Veit ikkje.

Øyreringar:

14. Øyreringar har vore brukt av menn heilt til no, her lever enno ein mann i bygdi, Daniel Claussen, som ~~brukar~~ ber øyreringar.

15. Ringane var (og er) runde, av bly messing eller gull. Dei vart festa i øyra gjenom eit hol i øyreflippen. Fyrst klemde ein øyreflippen hart, til den vart „følelseslaus", so tok dei ei rå polet bak øyra og stakk so hol med ein syl. Kven som helst kunde gjera det.

16. Helst i båe øyro.

17. For å skjerpa synet.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9460

Gjeringar.

19. Nei, trur ikkje det. Men kvinnene hadde både dobbor og ringar, helst gull

20. Eg har høyrt at dei brukte å ha ei rå potet i lumma t. d. mot tannverk.

21. Segni fortel at Olav den Heilage eingong sigla gjenom bygdi frå Skjoldastraumen og sørover. Han sigla like godt på land som på sjøen. Då dei var komne til Brekke, hadde dei ikkje vatn. Olav sette då handi si ned i ein bergknaus, og so kom der vatn ut. Hola synes den dag i dag, og vatnet i denne hola hjelper mot vorter, vert det sagt.

Eit ~~annar~~ råd mot vorter, e å smyrja vorta med fleskesvor, og so grava svoren ned i jordi. Når fleskesvoren e rotna e vortene burte.

Mostr mi vart fødd i 1858. Ho fortalde at då ho var fødd, la den kona som tok mot henne, stål - i dette tilfelle tvo knivar i kross - i vogga. Men det var mot mormor sin vilje.

22. Nei.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING